

# Etablering av fredingsområde for hummar i Bjørnafjorden

Invitasjon til brukarmedverknad og nytt digitalt folkemøte,

4. mai 2022 kl. 1800 – 2100.

Kommunestyret i Bjørnafjorden kommune har fatta vedtak om å utgreie oppretting av fredingsområde for hummar. Administrasjonen ønsker med dette å invitere partane det gjeld til å gje sine vurderingar av kvar i kommunen sitt sjøareal at slike fredingsområde bør etablerast. Med omsyn til maksimal måloppnåing av tiltaket og prinsippet om likskap, er det ønskjeleg at det vert peikt på område både i tidlegare Fusa kommune og tidlegare Os kommune.



For at forslaga skal kunne omarbeidast effektivt vidare, må dei bygge på dokumenterbar kunnskap. Forslaga må i tilstrekkeleg grad ta omsyn til premissane for utval av kandidat område, jf. Havforskningsinstituttet og Fiskeri-direktoratet:

1. Lokalitetane skal ha ein god hummarbestand.
2. Lokalitetane skal ha ein tilstrekkeleg storleik (1-4 km<sup>2</sup>)
3. Lokalitetane skal ha eigna botnsubstrat (blokkstorleik) og varierende djupne (10-min. 60 meter)
4. Lokalitetane skal vere godt eksponert for vind og fjordstraum (jf. spreing av larvar/ yngel og maksimal lokal/regional vinning av tiltaket)

Fristen for å sende inn forslag til fredingsområde er sett til **1. mai kl. 23:59**. Innspel motteke etter utløp av fristen vert ikkje teke omsyn til i den vidare handsaminga av saka. Det er ikkje naudsynt med eksakt grensesetting, men bruk gjerne kommunekart.com (for Bjørnafjorden kommune) som grunnlag for kartfestinga av forslaga (kartutsnitt påteikna kandidatområda skal følgje med brevet med forklaringa bak forslaget).

Administrasjonen vil vurdere dei innkomne forslaga med relevant fagleg mynde. Fagmyndigheitene sine vurderingar og tilrådingar samt administrasjonen sin konklusjon vert presentert på eit digitalt folkemøte om kvelden 4. mai. På bakgrunn av vurderingane til fagmyndigheitene og diskusjonane kring dei nye innspela på folkemøtet vil administrasjonen skrive si innstilling til endeleg vedtak om kvar fredingsområda for hummar skal etablerast i kommunen. Det vert lagt opp til at kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka på sitt møte 16. juni.

For deltaking på det digitale folkemøtet 4. mai må ein nytte tilsend invitasjon til Teams-møtet. Slik invitasjon/lenke blir send til alle som sender e-post til kommunen med ønskje om å delta: [arrs@bjornafjorden.kommune.no](mailto:arrs@bjornafjorden.kommune.no)

Om du har spørsmål i denne saka så kan du sende ein e-post med desse til den same e-postadressa.

Arne-Richard Stadaas  
klima- og miljøvernrådsgjevar